
Fra: Anngunn Marie Gullbrå
Sendt: 7. oktober 2016 16:07
Til: kjebrak.anleggspartner@gmail.com
Kopi: Ingrid Raniseth
Emne: Eigedomsspørsmål Holme
Vedlegg: Krav om samanslåing.pdf; 10_39_68_Holme B10_grenser.pdf;
10_39_68_sitkart.pdf; Skjema søknad_rekvisisjon_Meland v8.pdf

Hei

Viser til oppstartsmøtet for ny reguleringsplan på Holme. Her er eit par ting me snakka om og som eg har sjekka litt opp i.

Tomta 10/29:

Denne tomta er gått utifrå 10/17 – som i dag er eigd av Arnold tveit. Tomta er skøytt til Trygve Knutsen Brakstad, (død), men som har ei dotter i Alversund, Vigdis Brakstad. De må kontakta ho for å spørja kven som eig/ skal eiga denne tomta i dag.

Som eg sa, er det ein fordel om de får slått saman bnr. 68 med bnr.39. Vedlagt skjema for krav om samanslåing som de kan fylla ut og senda til Meland kommune. Alle 4 eigarane må signera og skriva personnummer på skjema.

De bør få Skarsvåg Rør og Interiør AS til å sletta leieavtale som er tinglyst med dagboknr. 839766, dat 18/10/2007. Avtalen skulle gjelda i 5 år, men er likevel ikkje sletta frå grunnboka.

Eg legg ved eit kart med flyfoto, der også grensene er teikna inn. Dei grensene som ikkje er grøne kan ha ei unøyaktigheit på +/- 2-5 meter. Eg har ikkje funne dokumentasjon på at det skal vera satt ned eit nyare grensemerka ved løa. Her skal det vera ein grensestein i følgje registreringane i matrikkelkartet. De bør difor rekvirera klarlegging av grensene som ikkje er målt tidlegare.

Vedlagt situasjonskart de kan bruka til å rekvirera klarlegging av grenser, samt skjema for rekvirering.

Ta kontakt om det er noko som er uklart.

Venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå
Fagansvarleg Geodata
Tlf: 5617 1181/ 1000
E-post: anngunn.gullbra@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)